



Gudbrandsdalsmusea

Gudbrandsdalsmusea

Retningslinjer for frivillig arbeid

Retningslinjene byggjer på retningslinjer for Anno museum.

Lagt fram i styret og vedteke 2. desember 2025.

Innleiing

Gudbrandsdalsmusea museum ynskjer å fremje frivillig arbeid som ein viktig ressurs for å styrke aktivitetane og tilboda i museet. Frivillige er ein verdifull del av fellesskapet og bidreg med tid, kunnskap og entusiasme. Slik er dei med på å gjere museet til ein attraktiv, lærerik og open stad for publikum.

Retningslinjene skal sikre at dei frivillige får ei positiv, trygg og meningsfull oppleving i museet, samtidig som museet kan tilby eit høgt nivå av kvalitet og service.

Direktøren og avdelingsleiarane er ansvarlege overfor dei frivillige – organisert, tilpassa og gjennomført innanfor museets ansvar og oppgåver. Innanfor rammene av desse retningslinjene kan utvisast stor grad av lokalt skjønn og fleksibilitet i arbeidet med dei frivillige.

Frivillig arbeid skal ikkje erstatte arbeid Gudbrandsdalsmusea som tilsette elles ville har gjort, men dei skal bidra til å støtte tidsavgrensa oppgåver eller støtte og supplere arbeid vi elles ikkje ville hatt kapasitet, ressursar eller kompetanse til å gjennomføre.

Frivillig arbeid er ubetalt, men ved enkelte større arrangement der større grupper/lag inviterast til dugnadsinnsats er det aktuelt å tilby ein kompensasjon for antal frivillige utførte timer. Det kan bli utbetalt kompensasjon for bruk av eige utstyr.

Målsetting

- Å tilby eit inkluderande og trygt miljø for frivillige
- Å gi frivillige ei meningsfull oppleving gjennom opplæring, utvikling og anerkjenning
- Å sikre at frivillige arbeidar i tråd med Gudbrandsdalsmusea sine visjonar og verdiar
- Å bidra til å styrke museets tilbod og aktivitetar gjennom frivillige engasjement

Rolla og arbeidsområde til dei frivillige

Frivillige kan bidra på ulike område i Gudbrandsdalsmusea, mellom anna:

- Omvising for besøkande
- Assistanse ved arrangement og spesielle aktivitetar
- Arbeid med pedagogiske aktivitetar for born og vaksne
- Bidra med dokumentasjon- og samlingsarbeid
- Hjelp til i butikk og kafé



Gudbrandsdalsmusea

- Diverse praktiske oppgåver, til dømes driftsoppgåver som store park- og hageanlegg

Kvalifikasjonar og krav

Gudbrandsdalsmusea har ikkje spesifikke krav til førehandskunnskap for å bli frivillig, men enkelte oppgåver kan krevje spesifikk kompetanse eller erfaring. Frivillige bør ha:

- Interesse for kulturarv og museets arbeid
- Ønske om å dele kunnskap og hjelpe andre
- Evne til å samarbeide i team og møte publikum på ein god måte

Opplæring og støtte

Alle frivillige vil få nødvendig opplæring før dei byrjar med frivilligoppgåvene. Opplæring vil vere tilpassa dei arbeidsområda dei skal bidra i, og kan inkludere informasjon om museets samlingar, historie og praktiske rutine.

Frivillige vil ha jamleg oppfølging frå relevante tilsette i Gudbrandsdalsmusea, som er ansvarlege for å sikre at nødvendig verktøya, utstyr og støtta er på plass. For enkelte oppgåver må leinga i Gudbrandsdalsmusea vere tilgjengeleg.

Arbeidstid og fleksibilitet

Frivillige er viktige for Gudbrandsdalsmusea, og vi ønsker å legge til rette for at frivillig arbeid skal vere fleksibelt og tilpassa den einskilde.

Frivillige kan arbeide på ulike tidspunkt, avhengig av behov og arrangement, og det er viktig at kommunikasjonen rundt arbeidstid og forventingar er tydeleg frå starten av.

Anerkjenning og løn

Innsatsen frå dei frivillige vil bli anerkjent på ulike måtar, både formelt og uformelt. Gudbrandsdalsmusea ynskjer å verdsette og takke dei frivillige gjennom:

- Tilrettelegging med mat og drikke i arbeidsperiodane
- Invitasjon og/eller tilgang til relevante arrangement og aktivitetar
- Attest og referanse når frivilligarbeidet er over arbeid, for den som ynskjer det
- Vidareutvikling og nettverksbygging
- Gratisbillett eller årskort
- Påskjønning

Forsikring og trygghet

Alle frivillige ved Gudbrandsdalsmusea er dekkja av nødvendige forsikringar når dei utfører frivillig arbeid ved museet. Dette inkluderer yrkesskadeforsikring og ansvarsforsikring. Vi legg stor vekt på helse, sikkerheit og trivsel, og alle frivillige vil bli informert om og må respektere relevante



Gudbrandsdalsmusea

sikkerheitsrutinar på arbeidsplassen. For at forsikring skal gjelde må arbeidet vere organisert og sett i sving av Gudbrandsdalsmusea.

Frivillige er forsikra gjennom ei kollektiv ulykkesforsikring i KLP.

Etiske retningslinjer

Frivillige ved Gudbrandsdalsmusea museum skal:

- Behandle besøkande, tilsette og andre frivillige med respekt og høflegheit
- Respektere museets verdigrunnlag, visjon og mål
- Følge dei etiske retningslinjene og rutinane som gjeld for museets drift
- Halde taushetsplikt om informasjon som ikkje er offentleg

Avslutning av frivillig engasjement

Frivillige kan avslutte engasjementet sitt når som helst, men vi oppmodar til ein open dialog ved eventuelle spørsmål eller utfordringar som måtte oppstå. Om museet ønsker å avslutte samarbeidet med ein frivillig, skal dette skje på ein profesjonell og respektfull måte, med ein sakleg forklaring for avgjerda.